

Karen Weichert
Areal- og samfunnsplanleggjar

Dato	Saksbehandler	Vår ref.	Deres ref.
03.10.2024	Wenche Hauglum	24/525 - 6	

MELDING OM VEDTAK

Høyring kommunal planstrategi 2024-2027 og planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen 2025-2036

Kommunestyret - 085/24:

Det er gjort fylgjande vedtak i saka:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1, 10-1 og 11-13 blir utkast til kommunal planstrategi 2024-2027 og utkast til planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen 2025-2036 lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, slik dei er innarbeidd i det felles dokumentet «Oppstart av arbeid med samfunnsdelen til kommuneplanen».

Oppstart av arbeidet med reguleringsplanen for Kålsete skianlegg blir lagt inn i 2025.

Kapittel 3.3 vert erstatta med endringsframlegget til Jens Andreas Melheim (AP).

Kommunestyret ynskjer og ei orientering i kommunestyre med oversikt over kva planar Vik har i dag, status og planar for revisjon, eventuell samanslåing eller avslutning av desse planane.

Samrøystes.

Med helsing

Siri Fahlvik Pettersen
Kommunedirektør

Wenche Hauglum
Politisk sekretær

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
085/24	Kommunestyret	25.09.2024

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Karen Weichert	K2-L12	24/525

Høring kommunal planstrategi 2024-2027 og planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen 2025-2036

Kommunedirektøren si tilråding

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1, 10-1 og 11-13 blir utkast til kommunal planstrategi 2024-2027 og utkast til planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen 2025-2036 lagt ut på høring og offentlig ettersyn, slik dei er innarbeidd i det felles dokumentet «Oppstart av arbeid med samfunnsdelen til kommuneplanen».

Formannskapet - 110/24

Kommunalsjef Espen Holen deltok under handsaming av saka.

FS - vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtaket:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1, 10-1 og 11-13 blir utkast til kommunal planstrategi 2024-2027 og utkast til planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen 2025-2036 lagt ut på høring og offentlig ettersyn, slik dei er innarbeidd i det felles dokumentet «Oppstart av arbeid med samfunnsdelen til kommuneplanen», men Kommunedirektøren skal finne ny omtale av reguleringsplanen for Kålsete skianlegg for handsaminga i kommunestyret.

Samrøystes.

Kommunestyret - 085/24

Kommunalsjef Hildegard Valland, kommunalsjef Brit-Marit Stadheim, personalsjef Tordis-Kristin Tobiassen, kommunalsjef Ole Petter Ramberg og kommunalsjef Espen Skjerven Holen deltok under handsaming av saka.



Kommunedirektøren gjorde merksam på tillegget til høyringsutkastet sendt ut 24.9.24, og at dette måtte inn i dokumentet.

Aud Marit Berge Feidje (AP) la fram følgjande framlegg til endring:

"Ap har framlegg om at reguleringsplan for Kålsete vert lagt inn i planstrategien med oppstart i 2025.

Ap ynskjer og ei orientering i kommunestyre med oversikt over kva planar Vik har i dag, status og planar for revisjon, eventuell samanslåing eller avslutning av desse planane."

Siri Wølneberg Bøthun (SP) la fram følgjande framlegg til endring:

"Følgjande tema inkluderast i kap. 3.3:

Tabellcelle 2:

Utviklingsspørsmål kraft inkl. vindkraft
Mineralressurser

Tabellcelle 4:

Siste kulepunkt ... og motorsportanlegg

Siste kulepunkt tabellcelle 5: stryk biosfæreområde Nordhordaland"

Jens Andreas Melheim (AP) la fram følgjande framlegg til endring:

"Kapittel 3.3 i vert erstatte med:

Viktige tema i arbeidet med samfunnsdelen er:

1. *Gode oppvekstvilkår*. Legge til rette for ei god og trygg barne- og ungdomstid som gjer at det er i Vik ein vil at også eigne ungar skal vekse opp. Her vil eg leva, her vil eg bu.
2. *Vik for alle*. Skapa eit inkluderande samfunn som får flyktningar til å bli buande, motverkar utanforskap. Ein kommune der folk kan leva godt heile livet.
3. *Grøn omstilling og bærekraftig verdiskaping*. Legge til rett for nye grønne industriarbeidsplassar. Utvikle næringslivet, landbruket og reisemålet Vik til å bli meir berekraftige.
4. *Ein god arbeidsplass*. Kommunen skal vere ein arbeidsplass som evnar å fornya seg, tiltrekka og halde på arbeidskraft."

May-Britt Starheim (SP) ba om 5 minuttar gruppemøte og ordføraren innvilga dette.



Ordføreren sette Melheim sitt framlegg under røysting, og framlegget vart samrøystes vedteke.

Ordføreren sette formannskapet sitt framlegg under røysting mot formannskapet sitt framlegg med tillegg av endringane som var framlagt av Aud Marit Berge Feidje (AP) og Jens Andreas Melheim (AP), og framlegget med endringane vart samrøystes vedteke.

Siri Wølneberg Bøthun (SP) trekte sitt endringsforslag då ho meinte endringane frå Feidje og Melheim også dekkja innhaldet i sitt framlegg.

KS - vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1, 10-1 og 11-13 blir utkast til kommunal planstrategi 2024-2027 og utkast til planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen 2025-2036 lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, slik dei er innarbeidd i det felles dokumentet «Oppstart av arbeid med samfunnsdelen til kommuneplanen».

Oppstart av arbeidet med reguleringsplanen for Kålsete skianlegg blir lagt inn i 2025.

Kapittel 3.3 vert erstatta med endringsframlegget til Jens Andreas Melheim (AP).

Kommunestyret ynskjer og ei orientering i kommunestyre med oversikt over kva planar Vik har i dag, status og planar for revisjon, eventuell samanslåing eller avslutning av desse planane.

Samrøystes.

Vedlegg		
Dokument dato	Tittel	DokID
18.09.2024	Oppstart av arbeid med samfunnsdelen til kommuneplanen	289254
18.09.2024	4.1 Kunnskapsgrunnlagsdokument	289248
18.09.2024	4.2 Folkehelseoversik	289249
18.09.2024	4.3 Rapport Telemarksforsking	289250
18.09.2024	4.4 Resultat berekraftworkshop	289251
18.09.2024	4.5 Vurdering av planbehovet reguleringsplanar	289255
18.09.2024	Vedteken kommunal planstrategi for Vik kommune 2020-2023	289253

Kort samandrag

Kommunestyret skal seinast eitt år etter konstituering utarbeide og vedta ein ny kommunal planstrategi. I planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan, både samfunnsdelen og arealdelen, skal reviderast i kommunestyreperioden. Arbeidet med planstrategien kan slåast saman med oppstart av arbeidet med revisjon av kommuneplanen.



Dette er gjort i dokumentet «Oppstart av arbeid med samfunnsdelen til kommuneplanen», som utgjør kommunal planstrategi for 2024-2027 og planprogram for samfunnsdelen 2025-2036. Utkastet for ny kommunal planstrategi legg opp til revisjon av kommuneplanen i denne kommunestyreperioden. Samfunnsdelen bør reviderast heilt, arealdelen bør reviderast delvis. Planstrategien føreslår store endringar i kommunen sitt planverk, for å betre tilpasse det til kommunen sine ressursar for å halde planverket oppdatert. Planstrategien gjev også føringar for prioritering av planoppgåver knytt til kommunale reguleringsplanar, fram til ny samfunnsdel er vedteken. Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt overordna styringsdokument og skal leggje føringar for alt anna planarbeid. Den skal synleggjere dei strategiske vala for samfunnsutviklinga i kommunen, og vise korleis kommunen arbeider med overordna omsyn som t. d. folkehelse, barn og unge, klima og miljø, integrering og næringsinteresser. Planprogrammet er «plan for planen» og skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen og opplegg for medverknad. I tillegg skal planprogrammet nemne konkrete tema planen skal vurdere samt ev. behov for utgreiingar og anna kunnskapsgrunnlag.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m

Plan- og bygningslova

Saksopplysningar

Jamfør plan- og bygningslova (pbl) § 10-1 skal kommunestyret seinast eitt år etter konstituering utarbeide og vedta ein ny kommunal planstrategi. I planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan skal reviderast i kommunestyreperioden.

Kommuneplanen skal jf. pbl § 11-1 ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Samfunnsdelen til kommuneplanen skal jf. pbl § 11-2 ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for lokalsamfunnet og kommunen som organisasjon. Den skal også vere grunnlaget for alle kommunale sektorplanar og all kommunal verksemd.

Arbeidet med planstrategien kan slåast saman med oppstart av arbeidet med revisjon av samfunnsdelen til kommuneplanen. Dette er med heimel i kommunestyret sitt vedtak av 21.3.2024 (sak 025/24) gjort i dokumentet «Oppstart av arbeid med samfunnsdelen til kommuneplanen», som utgjør kommunal planstrategi for 2024-2027 jf. § 10-1 i pbl, og planprogram for samfunnsdelen 2025-2036 jf. §§ 11-13 og 4-1 i pbl.

Utkastet for ny kommunal planstrategi legg opp til revisjon av kommuneplanen i denne kommunestyreperioden. Samfunnsdelen bør reviderast heilt, arealdelen bør reviderast delvis. Planstrategien føreslår store endringar i kommunen sitt planverk, for å betre tilpasse det til kommunen sine ressursar for å halde planverket oppdatert. Planstrategien gjev også føringar for prioritering av planoppgåver knytt til kommunale reguleringsplanar, fram til ny samfunnsdel er vedteken. Prioriteringar av kommunale reguleringsplanar skal deretter styrast gjennom den årlege revisjonen av handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel/økonomiplanen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt overordna styringsdokument og skal



leggje føringar for alt anna planarbeid. Samfunnsdelen er verktøyet for heilskapleg planlegging, og skal leggje til rette for samarbeid og heilskapleg utvikling av kommunesamfunnet. Den skal synleggjere dei strategiske vala for samfunnsutviklinga i kommunen, og vise korleis kommunen arbeider med overordna omsyn som t. d. folkehelse, barn og unge, klima og miljø, integrering og næringsinteresser. Samfunnsdelen tek føre seg både kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon. Planen er såleis også sentral for å samordne kommunen si eiga verksemd, og kan legge grunnlag for samarbeid på tvers av sektorar i kommunen.

Eit planprogram er ein «plan for planen». Planprogrammet skal jf. pbl kapittel fire gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen og opplegg for medverknad. I tillegg skal planprogrammet nemne konkrete tema planen skal vurdere samt ev. behov for utgreiingar og anna kunnskapsgrunnlag.

Sidan planstrategien er slått saman med planprogrammet for samfunnsdelen må prosessen fylgje pbl sine reglar for revisjon av kommuneplan.

Kommunedirektøren har jf. formannskapet sitt vedtak i møtet 12.9.2024 gjort fylgjande endringar i vedlegget 4.5 Vurdering av planbehovet reguleringsplanar:

På side 9 blei avsnitta

"Det er mogleg at ein oppdatert reguleringsplan vil kunne skape eit betre utgangspunkt for nye avtaleforhandlingar mellom Vik IL og grunneigarane. Kommunen ser også at det kan bli utfordrande for Vik IL å finansiere ein ny plan og leie eit planprosjekt på dugnad. På den andre sida er ev. oreigning i utgangspunkt ikkje noko god verkemiddel for å løyse konfliktane som har oppstått rundt arealbruken, spesielt når desse er privatrettslege. Er det då rett at kommunen gjennom offentleg regulering legg til rette for det? Dersom privat regulering er aktuelt, kan kommunen ev. støtte planarbeidet med tilskot.

Med dette som bakgrunn blir ny reguleringsplan for skianlegget ikkje prioritert høgt i denne perioden. Det er fleire ting som bør avklarast før offentleg regulering blir vurdert på ny, t. d. gjennom revisjonen av kommuneplanen sin samfunnsdel. Skal kommunen eige skianlegget på Kålsete på lik linje med Vik aktivitetspark i Vik sentrum? Ligg det nok offentleg interesse i sommardrifta på anlegget, eller er sommardrifta i hovudsak kommersiell? Kan det tenkjast tilrettelegging for andre sommaraktivitetar for ålmenta på skisenteret (terrengsykling, frisbeegolf, m.m.)?"

bytt ut med

"Det er mogleg at ein oppdatert reguleringsplan vil kunne skape eit betre utgangspunkt for nye avtaleforhandlingar mellom Vik IL og grunneigarane. Ein ny reguleringsplan vil også opne for oreigning som siste verkemiddel Vik IL kan bruke, dersom partane ikkje blir einige om nye avtalar. Kommunen ser også at det kan bli utfordrande for Vik IL å finansiere ein ny plan og leie eit planprosjekt på dugnad. Dersom privat regulering er aktuelt, kan kommunen ev. støtte planarbeidet med tilskot.



Med dette som bakgrunn kan ny reguleringsplan for skianlegget prioriterast høgare i ny samfunnsdel. Formannskapet vurderer den offentlege interessa i drifta på anlegget som stor nok for offentleg regulering. Sommardrifta er per i dag i hovudsak kommersiell, men kan det tenkjast tilrettelegging for andre sommaraktivitetar for ålmenta på skisenteret (terrengsykling, frisbeegolf, m.m.)?"

Dette kravde også mindre endringar i dokumentet "Oppstart av arbeid med samfunnsdelen til kommuneplanen":

I framdriftsplanen på side 19 blei "drøfting styringsgruppa" den 12.9.2024 sletta, sidan prosjektleiar ikkje var med på møtet.

I tabellen som viser konkrete tema samfunnsdelen skal vurdere, blei punktet "Skal kommunen eige Vik skisenter på lik linje med Vik aktivitetspark?" teke ut.

Økonomiske konsekvensar

Ingen direkte økonomiske konsekvensar for kommunen.

Vurdering

Kommunedirektøren tilrår at utkast for ny kommunal planstrategi og planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplan blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn. Det kan allereie stadfestast at fristen for å vedta planstrategien som er 5.10.2024 ikkje kan haldast.

Dokumentet «Oppstart av arbeid med samfunnsdelen til kommuneplanen» bør vedtakast så fort som råd. Jamføre den politisk møtekalender og pbl § 10-1 andre ledd kan dette likevel tidlegast skje i fyrste kommunestyremøtet 2025.

